



STRANDEBARN



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 4 • DESEMBER 2022
83. ÅRGANG



Multicup med
konfirmantar
Side 4

Eit møte med Liv Klyve Holme
og Bjarte Holme
Side 6-7

Jula i hønsehuset
Side 14

Vennefest 2022
Side 17

FRAMSIDA

Bilete på framsida er laga av Mirjam Eide Gravdal, Norheimsund. Det er inspirert av søndagsskulen sin julesang der delar av teksten er slik: "Da Jesus ble født gav Gud sitt hjerte til vår jord, til glede for hele folket". Redaksjonen takkar for velviljug løyve til å bruka biletet.



LEIAR

Ei tid for alt

Lars Arne Vik

Redaktør



Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjartet. Slik står det i Bibelen. Det er ei tid for alt.

I adventsitida tek me desse orda på alvor. Me tel ned til dagen før dagen. Ein måte å sjå fram til er å telja ned til!

Det vert som i gamle dagar, då bondebryllapa var over tre dagar. Det var ikkje nok med berre ein dag til den store feiringa.

I vår tid er vel meir ei fare for at feringa skuggar over årsaka til feiringa. På norsk heiter visst det å kasta barnet ut med badevatnet.

I 2023, når det er krig må markene i landet bortom nabolandet vårt, gjev

det kontrast til orda gjetarane fekk høyra på markene utfor Betlehem, om fred på jorda.

Lær oss å telja dagane våre der me skaper fred, med oss sjølv, med dei me bur med og mellom, med våre nye landsmenn og med alle menn og kvinner i heile vår verd.

For underteikna er dette det siste nummeret av Kyrkjeblad for Kvam eg redigerer. Eg takkar for tilliten! Og så vonar eg at nye krefter tvil trø til å gje ut nye nummer av Kyrkjeblad for Kvam.

Det er ei tid for alt.

God jul!

GIRO

Vedlagt følgjer ein giro som kan nyttast til å senda ei julegåve til Kyrkjeblad for Kvam.



Den norske kyrkja i Kvam



Fengslande Sørheim

Arne Sørheim (biletet) fengsla alle då han fortalde om morbror si, målarmeisteren, på føremiddagstreffet i Øystese kyrkje i november. Fleire av dei som hørte på, reiste seg og henta penn og papir! Takk, Arne, for at du deler av arva di! (LAV)



Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Miljømerket trykksak



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Annonser:

Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til post.kvam@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellestråd

Telefon:

474 83 120 / 414 00 035

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje, Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einsskilde sokneråd.

Kyrkjevevja i Kvam:

Sigrud Karoline Eriksen-Tufteland, se934@kyrkja.no, tlf. 414 00 035

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme, rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no, tlf. 477 56 440

Kvam kyrkjelege fellestråd:

Lisbeth Henriksen, lissihen69@gmail.com

Rådsleiarar

Strandebarm sokn:

Kåre Milje, kaa-milj@online.no

Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim, ingvill.sorheim@framnes.vgs.no

Øystese sokn:

Oddvar Ulltang, oddvar@ulltang.net

Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim, ragnhild.nordheim@gmail.com

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellestråd:

976 995 082

Lys i mørkret

Norunn Rød Markhus

prestevikar i Odda og Tyssedal



Det er mørketid. Og ho er ekstra mørk i år. Rett nok er omskiftinga i naturen den samme som før; både morgonen og kvelden er i mørkaste laget, men dette mørket er likevel venta! Uventa var derimot både krigen i Europa, dei høge matvareprisane og energikrisa i vårt eige land. Det kjennest som om mørketida har meir å by på i år enn ellers.

Då eg var lita jente samla eg på glansbilete og bruskkorkar, skytestreng og serviettar. Eg er framleis ein samlar; dei seinare åra har eg samla på gode sitat til hjelp til trua og livet. Desse er sirleg nedskrivne i fine notatbøker. Eg har den siste tida lest oftare i bøkene; eg merkar eg treng ekstra oppmuntring denne mørketida! Og oppmuntring har eg fått! Her er eit knippe sitat frå notatbøkene mine, forfatta av meir eller mindre kjente personar, som eg håpar også kan lyse opp din dag og di advents- og juletid:

Det fyrste sitatet tar oss rett inn i julefeiringa: «Gud er ikke skapt, derfor er det uskapt og et lys som aldri vil slukne det lyset som stråler fra krybben (ukjent opphav)».

*Barneøyne, barnesmil
løser tro og splitter tvil.
Mørk og tung var hugen før
du mitt barn, med lys i handa
banket på min hjertedør.*

Også Fusapoeten Anders Holmefjord lar seg inspirere av lysets makt over mørkret i sitt vesle dikt:

«Ein gong sa Gud til mørkret:
-eg vil syna deg eit lite barn-
Og det vart Lys.»

Også Hans Børli sitt tidlause dikt skil-drar dette barnet som kom med lys:

Vesle barn du kom med bud
fra en gammel, mildøgd Gud.
Han som rusler rundt hver kveld
og tenner store stjerner
over skog og fjell.

Barneøyne, barnesmil

løser tro og splitter tvil.

Mørk og tung var hugen før
du mitt barn, med lys i handa
banket på min hjertedør.
Og ditt lys det bar du med
fra et hellig altersted
lyset som du vesle så,
den gang du som utgitt gave
i Guds hender lå.

På tampen skal du få tre sitat som også fortel oss om Han som me feirar i jula:

«Kristus kom ikke for å frelse oss **fra** livet men **til** livet. Jesus kom for å lære oss å fastholde lyset selv om mørket truer, å akte på gleden selv om sorg tynger, å vise ærefrykt for livet selv om lidelsen møter oss (ukjent opphav)».

«Det var ikke vi som brøt oss inn i Guds Lys. Det var Han som krasjet inn i vårt mørke (ukjent opphav)».
«Lyset du treng fins!»av poet Helge Torvund.

Med ynskje om ei gledeleg jul - midt i mørketida!

Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det (Joh. 1, 5)

MED RØTER I KVAM

Sjukehusprest på Haraldsplass

Leif Oma (27)

sjukehusprest på Haraldsplass



Mitt namn er Leif Oma. Eg er sjukehusprest ved Haraldsplass diakonale sjukehus i Bergen. Ein skulle kanskje trudd at eg er fødd og oppvokst ein stad på Vestlandet, ikkje alt for langt frå Kvam herad. Historien ville det annleis, og eg har hatt heile min oppvekst midt i Trondheim by.

Far min, Per Norman Oma, vaks opp på ein fruktgard på Omastrand. Foreldra hans igjen er Nora og Samson Oma. Etter gymnastida i Øystese flytta han til Trondheim for å bli ingeniør, og vart der gift med ei trøndersk jente.

Som ungar reiste me lange turar til slektningane våre på Omastrand i feriane. Om somrane var Oma heime, med somardagar på Småholmane. Norheimsund var handelsstaden, Strandebarm var kyrkja. Daurmålseggji var lokalfjellet og Vesoldo det "store" fjellet. Å gå bak Steinsdalsfossen og sjå gullfiskane i Skårsvatnet huskar eg som gyldne minner. Dei nærast eksotiske trea og enorme konglene på Eikjeneset det same.

Heldigvis har eg gifta meg med Astrid Røgenes frå Stord og bur på Vestlandet.

Her er det godt å vera! Som trønder i Midthordland har eg god nytte av å ha Oma som slektsnamn. Kan hende det er litt enklare å bli teken på alvor når eg mang ein gong har sett bussen ryggje i nærleiken av Mundheim eller Ljones for å gje plass til ein forvirra bubil frå kontinentet.

Eg vil ynskje heile Kvam herad ei riktig god advent. Familie, vener, kjende og hittil ukjende. God jul og godt nytt år når den tid kjem. Guds signing for hus, heim, familie og arbeid.

Multicup med konfirmantar

25.09. arrangerte vi Multicup i Framnes Arena for alle konfirmantane i Kvam! Multicup var ein cup der konfirmantane konkurrerte i ulike idrettar og kunne kose seg med fifa og bortennis mellom slaga! Etter cupen fikk dei i seg litt mat, før vi samlast for ei "Ungdomsgudstjeneste" i Norheimsund kyrkje. Her imponerte køret med flotte singlar og Daniel Sæbjørssen talte frisk om "KVEN ER JESUS?".

På cupen var det førti frivillige frå Framnes som bidrog med god stemning, pauseaktivitetar, tilbereding av mat, stå i kiosk og som lagleiarar for dei ulike laga. Øyvind Backe hadde hovudansvar for sjølve cupen - han har fått ei lita stilling der han har ansvar for å arrangere slike arrangement og Krik-økte for konfirmantane i år! Han er veldig god på å skape glede og engasjement for konfirmantane! Nora Kristoffersen, vg2-elev på Framnes, har teke bileta.



Eivind Daniel Brakvatne Røed
Konfirmantlærer



Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten fjorten åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattern Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg to-talt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whisky-flaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei».

Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Åsder eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva



fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

Eit møte med Liv Klyve Holme og Bjarthe Holme

Dei er kvemningar og pensjonistar, begge to: Liv Klyve Holme og Bjarthe Holme. Liv frå Øystese sokn; Bjarthe frå Vikøy. Vår faste journalist, prost emeritus Arne O Øystese har møtt dei ein morgon i den gjestfrie heimen på Bønes i Bergen.

Tekst og bilete: Arne O. Øystese

- Korleis var det å veksa opp i Klyve langs Fykkesundet tidleg på 50-talet; Liv?

Det var mange born i grenda vår på den tid – born så og seia i alle hus. Skulehuset på Fykse var ganske nytt; her gjekk vi 1. til 6. klasse.

Kassespikar

- De hadde gard og måtte hjelpa til?

I 1949 fekk foreldra våre sett opp drivhus for agurk- og tomatproduksjon. Grønnsakene vart pakka i kassar og sendt med HSD sine godsbilar til Bergen. Me jentene fekk i oppdrag å spikra kassa etter kvart som me var store nok til det. Fjølene kom feridig kapp. Me var ganske gode til å bruka hammar og spiker. Men det hende nok – rett som det var – at me traff ein finger eller at spikrane tok feil retning. Far fekk ein gong klage frå dei som jobba på godsruta, at dei reiv seg på fingrane når dei skulle lasta kassane inn og ut av bilen. Det syntes vi var veldig flaut, så me skjerp oss.

- Hadde de hest eller traktor på garden?

Me hadde hest det fyrste eg hugsar. Far var veldig interessert i hestar frå han var barn. Han hadde hatt fleire hestar. Men den hesten me hadde då eg var liten, var ikkje heilt som andre hestar. Far sette meg ein dag opp på hesteryggen. Eg hadde på meg ein ny, fin kjole. Like etter gjorde hesten eit byks – med det resultat at eg datt av. Eg skadde meg ikkje. Men far var klar i si vurdering: «Nei, denne hesten kan me visst ikkje ha!» Sidan fekk me ein tohjuls traktor med lasteplan. Det var vel på ein måte eit framsteg, sjølv om eg trur far sakna det å ha hest.

Ikkje skade men song

Far vår, Samson, hadde ikkje noko særleg songstemme. Ein dag var han på veg med tohjulstraktoren oppover i bratt lende. Han var i godt lune, og song for full hals med si kraftige røyst. Kona på nabogarden



kom springande til mor og bad oss undersøkje om far hadde skada seg: ho hadde høyrte nokre høge rop oppanfrå. «Nei, det er berre Samson som syng!» svara mor vår.

- Slåtten var vel ei travel tid på garden?

Me borna var med på alt arbeid på garden – bortsett frå å slå graset. Vi raka, hesja og trakka i siloen. Frukttre var det også mange av. Likeins åker med poteter og grønnsaker. Mor og far gav oss borna ansvar i det mangslungne gardsarbeidet. Det trur eg me vaks på. Anerkjening for arbeidet fekk me både i form av skryt – og det som me kanskje sette endå meir pris på: løn. – Etter lønsforhandlingar vart det 25 ør for tistlar. Det var eit nytt og spanande kapittel då me fekk ta med oss jordbær til riksvegen og selja til truistar som køyrde forbi – ei fin inntekt for oss jentene!

- Hadde de mange husdyr?

Det var sauer me hadde mest av. Men me hadde også eit par kyr, ei grisepurke og høner. Det var viktig å passa på då griseungane kom, elles kunne grisepurka skada dei.

Ein gong det var grisungar i vente, måtte far leita etter nokre sauer i åsen. Det var lenge før mobiltelefonen si tid. Korleis skulle me få gjeve han beskjed om at han måtte koma heim? Avtalen vart at når fødselen var i gang, skulle me heisa flagget, så skulle han sjå etter med vis-

se mellomrom. Flagget vart heist, og far gjekk så fort han kunne ned lia. Seinare var det å sitja og passa på at grisungane tok til seg næring.

Sauesankinga om var spennande å vera med på. Men det kunne vera blytungt i regn og skodde.

Mor vår, Astrid, var frå garden Limesand i Vik i Sogn. Ho var van med å arbeide med dyr, og likte det svært godt. Ho kom til Kvam i 1937, og gjekk to år på meieriskulen i Steinsdalen. Etter det arbeidde ho der til ho gifta seg med far i 1944. Mor var flink til å sy, og i seine nattetimar kom det kjolar og bukser frå Husqvarnamaskina hennar.

- Hadde far din arbeid utanom garden?

Rundt 1960 fekk han jobb ved Bjølvefossen – noko han fann seg vel til rette med. Det var inntektsmessig viktig med ei attåttnæring i tillegg det gardsarbeidet kasta av seg. I Ålvik var det skiftarbeid; dermed vart det også tid til gardsarbeid. Etter kvart vart det berre sauer på garden.

Staur og sømjing

- Kva gjorde de på fritida?

Me borna i Klyve leika mykje saman. Det var spennande å leika kosla, gøymspel, om haustkveldane. Me leika også «ball over tak», «kasta på stikka» og «ta land». Det var korkje TV eller mobil på den tid, så vi var oppfinnsame i høve til kva vi skulle gjera. Vi budde like ved Fykkesundet, og

det medførte at vi var ivrige til å symja. Far lærde oss det: han hadde ei lang troe – omtrent som ein hesjastaur. Den var festa til eit tau vi hadde kring livet. Hadde me fått tauet på plass, var det berre å hoppa uti. Far hadde ikkje tid til å stå så lenge, og særleg tålmodig var han heller ikkje. Me symde, og far heldt i troa. Det gjekk ikkje så lang tid før vi klarde å symja utan hjelp.

-Var det bedehus på Fykse?

Me hadde eit grendahus, Det var mange lag og foreiningar i grenda og alle hadde sin basar. Det var basar for «Heimlausforeininga», «Misjonsforeininga» (NMS), Blå Kors og Saniteten. Sjømannsmisjonen hadde alltid basar 3 påskedag. Grendahusbasaren var til inntekt for gerendahuset. Alle som budde i grenda var flinke til å møte opp.

- Så vart det skulegang i Øystese?

Frå 7. klasse begynte eg på ungdomsskulen. Kvam herad var tidleg ute som forsøkskommune for linedelt ungdomsskule. Mor likte å fylgja med på skulearbeidet vårt. Ho ville at det skulle vera skikkeleg gjort. Eg tenkjer også med stor glede tilbake på bestemor mi, Guro Klyve, som trufast høyrde oss i salmevers og elles alt som skulle lærast utanåt. Ho budde i eine delen av huset, og var der alltid for oss. Etter ungdomsskulen tok eg til på Øystese gymnas.

Nye kameratar

- Men så hende det noko, Bjarte: familien din flytte til Vikøy prestegard?

Ja, det stemmer! Far min, Absalom Holme, vart utnemnd om sokneprest i Kvam, og tok til i tenesta i 1963. Prost Leonard Tafjord hadde då vore sokneprest i Kvam i over tretti år, og presten Konrad Stormark var vikar før far tok til i embetet. Vi hadde då budd fleire år i Bjelland, Vest-Agder, kor far hadde tenesta si frå 1950.

-Var det ikkje som tenåring tøfft å flytta til ein ny stad?

For meg vart det faktisk motsett. Det var ikkje så mange unge på min alder i Bjelland. Idar Magne og eg gledde oss til å koma til Hardanger. Dei eldre brødrene min, Jørund og Agnar, hadde til då budd på hybel i Mandal, og tok sidan til med sine studier – medisin og teologi. Eg fekk alle åra i ungdomsskulen i Norheimsund, og vart teken godt imot av kameratar og venner elles. Framnes ungdomsskule var like ved; her fekk eg også mange nye kameratar. Det gode miljøet i Ungdomsklubben «Vi Unge» i Norheimsund, der bl a Hans Soldal var ein av drivkreftene, fekk stor betydning for meg. Men endå større betydning fekk det då eg møtte

ho som sidan skulle bli kona mi, Liv Klyve. Me møttest på gymnaset på Rosvoll. Det kristne skulelaget Ignis var då svært aktivt – med skuleandaktar i storfriminet, og månadlege samlingar i gymsalen på gymnaset med skjemt og alvor og weekendar både i Fitjadalen og Wallemtunet på Kvamskogen. Liv var ei roleg og snill jente, som eg ikkje kunne gløyma då våre vegar skildest – vel og merka midlertidig! - i 1968.

Tatt av vinden

-Ja, held Liv fram, eg hadde alt då fått eit godt auga til Bjarte. Same året reiste eg til Stord lærarskule. Etter endt utdanning, var eg to år lærar på Vaksdal (1970-72). Men så hende det noko! Eg tok ein tur til Oslo for å vitja Torunn, søster mi. Og der dukka Bjarte opp. Det var kino på Colloseum – «Tatt av vinden», og Holmenkollrenn dagen etter. Bjarte hadde ryggsekken full av gamle aviser, som vi brukte å stå på i den kalde mars-snoen i Holmenkollen.

På hausten same året fekk eg stilling som lærar på Østerås. Vi vart kjæraster, Bjarte og eg. Han studerte då teologi ved Universitetet i Oslo. For min del var det endå eit år til på Stord – utdanning i forming. Då eg kom austover att, tok eg eit år ved spesiallærarskulen på Hosle i Bærum.

- Så tok eit nytt og avgjerande kapittel til i livet dykkar, Bjarte?

I 1975 vart vi vigde av far i Øystese kyrkje, og hadde bryllupsfesten på Ungdomsheimen, Kvamskogen. Vi drog til Oslo, der Liv fekk seg lærarstilling blant psykisk funksjonshemma i Bærum. Eg fullførde utdanninga mi, og vart ordinert av biskop Kåre Støylen i Oslo domkyrkje i 1977. Så følgde eit år som feltprest på Lahaugmoen.

Året etter vart eg tilsett som kapellan i Fyllingsdalen – i ein stor kyrkjelyd med ei moderne arbeidskyrkje. Liv fekk seg arbeid på Seljedalen skule i Fyllingsdalen. Me fekk tolv gode og lærerike år i Fyllingsdalen – ein typisk drabantby, med svært mange konfirmantar, og store dåps-tall. Anbjørn, den eldste guten vår, var to år då. Seinare kom Brita og Håvard. Frå 1990 og fram til eg vart pensjonist, var eg sokneprest i Storetveit/Bønnes.

Møtt på god måte

- Korleis var det å vera kona til presten, Liv?

Eg var spent på korleis livet og kvar dagen min i Fyllingsdalen kom til å bli. Tidlegare var det slik at kona til presten automatisk skulle bli med i foreingsarbeid, og gå inn i dei oppgåver elles som den tidlegare prestekona hadde gjort. Sjølv

hadde eg lærarutdanning, og fekk arbeid i Fyllingsdalen. Borna hadde vi jo også ansvar for. Eg opplevde aldri noko ytre press, men fekk vera meg sjølv, og gjera oppgåver i kyrkjelyden som høvde for meg. Då vi seinare kom til Storetveit, vart eg også der møtt på ein god måte: har du lyst til å vera med i dette arbeidet, er du hjarteleg velkommen!

- Bjarte, ville du valgt same yrket om du fekk velgja på nytt?

Ja, det ville eg. Etter tolv år i Fyllingsdalen, kom det 22 år i Storetveit og Bønnes kyrkjelydar. Når eg no ser tilbake på åra som i prest, opplever eg at det vart eit rett val for meg. At det vart slik, har lite med min far og bror min sine yrkesvalg å gjera. Som gymnasiast var eg klar på at det ikkje var prest eg skulle bli. Men kallet til presteneste vart klart for meg litt etter kvart.

Gi menneske tryggleik

- Presteyrket er mangfaldig. Kva vil du peika på som viktig i dine år som prest?

I Fyllingsdalen vart eg «kasta» ut i konfirmantarbeidet med kull på fleire hundre ungdomar årleg. Det kunne vera slitande, men i høgste grad gjevande og lærerikt. Konfirmantane kunne velja litt ulike opplegg – eitt av dei var leirskule som var nytt i Bergen på den tida. Samarbeid med andre tilsette, gruppeleiarar og andre eldsjeler skapte stor trivsel hjå meg som ung og urøynd kapellan.

Gravferder og sorgarbeid har vore sterkt å gå inn i. Det er det aller viktigaste arbeid ein prest utfører: du blir kjend med menneske i ein sårbar situasjon. Ein får eit nært forhold til familiar før gravferda, på gravferdsdagen og i ettertid. I Storetveit fekk vi starta opp med sorgseminar, og danna sorggrupper etterpå. Det synt seg å vera viktig for mange. Samla sett er det å vera prest å gi menneske tryggleik, håp og fred – med utgangspunkt i evangeliet – det største av alt.

Ikkje prestasjon

- Kva vil du Liv peika på som viktige verdiar, frå oppvekst i Klyve og fram til no?

Det at me tidleg lærde å vera med i arbeidet, og: at det me gjorde, var viktig. Men me fekk også vera born og leika innanfor trygge rammer. Kveldsbøna frå barndomen har eg alltid med meg. Den gav oss tryggleik, sjølv om det kunne vera ting som var vanskeleg. Å vera med på kristne møte og gudstenester, var aldri tvang. Men det vart naturleg for meg. Å kalla seg ein kristen er ikkje nokon prestasjon, men å kvila i det Jesus har gjort. Vi har del i ei von som aldri kan bli teke frå oss.

MÅ BERRE HA DET!

På oppfordring trykkjer me Roar Strømme si preike frå ei av dei siste gudstenestene hans i Norheimsund kyrkje, ei gudsteneste med både dåp, konfirmantpresentasjon, og viste det seg, til presten si store overrasking, femtiårskonfirmantar.

«Må ha det. Må berre ha det!» Slik heiter det i mjølkereklamen. Men om vi tenkjer etter: Kva er vi berre må ha, - ja, som vi ikkje klarer oss utan?

Mobil

Det fyrste vi tenkjer på er gjerne mat og kle. Det må jo til for at vi skal halde kroppen i gang. Men utover det då? Kanskje er det neste som melder seg mobilen. Ikkje få av oss er jo heilt avhengige av mobilen og får angst berre ved tanken på å vere forutan. Men der er no døme på folk som har vore så dristige at dei la vekk mobilen både ei og to veker, og dei har faktisk overlevd!

Men elles då? «Utan kjærleik dør mennesket», har eit klokt menneske sagt. Stemmer det, - at vi kan ikkje overleve utan kjærleik? Det høyrer gjerne litt svulstig ut. Men om vi omset kjærleik med «å vere glad i», høyrer det ikkje så fornuftig ut? At vi ikkje kan klare oss utan å at nokon er glad i oss, ja, utan at vi har nokon å vere glad i?

Tydelege born

Mykje tyder på at det stemmer. Vi ser det tydeleg hos dei minste borna. Dei nyfødde har jo knapt kome ut av mors liv før dei tek til å søkje etter nokon som er glade i dei. Slik ser vi at dei snur seg etter kjære stemmer og prøve å feste blikket på andletet og auga til sine nære og kjære. Og då manglar det sjeldan på respons. Med heile seg signaliserer foreldra og familien at dei er glad i den vesle som er komen til verda.

Så tydeleg er det gjerne ikkje seinare, at vi søkjer etter kjærleik. Særleg når vi er blitt tenåringar har vi jo eit behov for å markere at vi er sjølvstendige og ikkje avhengige av foreldra våre og familien elles. Men at tenåringar og konfirmantar generelt skulle ha eit så dårleg forhold til foreldra sine, det trur eg ikkje på lenger. Igjen og igjen har eg sett at konfirmantar

*Som Far har elska meg,
har eg elska dykk. Ver i min kjærleik!
Held de boda mine, er de i min kjærleik,
slik eg har halde boda til Far min og er i hans
kjærleik. Dette har eg tala til dykk så mi glede
kan vera i dykk og gleda dykkar kan bli full-
komen. Og dette er bodet mitt:
De skal elska kvarandre som eg har
elska dykk. Joh 15,9-12*

er rørende glade i familien sin, inkludert foreldra. Når vi har skrive anonyme bønner i konfirmantimen har det såleis vore ein gjengangar at konfirmantane ber om at dei ikkje må misse foreldra sine, ja, at alle må ha det bra heime og vere glade i kvarandre.

Godsida

Dette behovet for å vere elska viser seg jo ikkje berre heime. For ikkje minst på sosiale media ser vi kor viktig det er for dei fleste å bli likt, å bli akseptert, same kva alder vi er i. Slik legg vi ut godsida av oss sjølve, og det som vi tenkjer utløyser «likes» og positive tilbakemeldingar. Så vil vi gjerne ikkje seie at dette er fordi vi vil bli elska. Men er det ikkje det dette handlar om, når alt kjem til alt?

Slik er der mange teikn på kor viktig kjærleiken er for oss. Som kristne trur vi at det er ein refleks av at vi er elska av Gud. Ein konfirmant kom ein gong til meg og spurde: «Kvifor trur du, Roar, at Gud har skapt oss»? Eg svarte, utan å tenkje meg om: «Fordi han trengte nokon å vere glad i». Slik er det. Gud ikkje berre har kjærleik, men han er kjærleik, står det i Bibelen. Difor må han ha nokon å elske, - som deg og meg.

Endåtil deg

Denne kjærleiken er komen til oss i Jesus. «For så elska Gud verda, at han sende sonen sin», som det står i Den vesle Bibelen. Eg har ein kollega, Elisabeth, som arbeider spesielt med menneske med utviklingshemming. Så lagar ho små videoar med intervju med nokre av desse som ho arbeider med. Her ein dag kom det ein video der Elisabeth spør ein kar: «Kva synest du er bra med Jesus?» Han tenkjer seg litt om før han svarer: «At han er glad i folk!» Så vert det stilt ei stund før han

Roar Strømme

Vikarprest i Strandebarm sokn og Vikøy sokn



legg til: «Enda til i deg, Elisabeth.» Det tykte presten Elisabeth var flott. At ho var elska, enda til av Jesus.

Slik snakkar vi mykje om Jesus i kyrkja, ja, vi er her for å møte Jesus. Og slik er det i konfirmanttida også. Ikkje slik at vi fyrst som konfirmantar møter den Gud som er glad i oss. I dag har vi jo opplevd at eit lite barn vart døypt. Slik er dei fleste av oss blitt døypte. Då skjedde det at Gud møtte oss med sin kjærleik, ja, at han tok oss inn i denne kjærleiken. Slik vert det tydeleg at denne kjærleiken frå Gud er ikkje noko som vi gjer oss fortent til, men som vi berre får og skal få ta imot som ei gåve.

Så høyrde vi Jesus seie i dag: «Bli i min kjærleik». Det er det mykje av konfirmantåret, ja, også gudstenestelivet handlar om: At vi vert så kjende med Jesus at vi ønskjer å bli i Jesu kjærleik. Ja, å leve som elska menneske, elska av Gud.

Praktisk kjærleik

Gjer vi det, så skal det rart vere om vi ikkje viser noko av denne kjærleiken i møte med kvarandre. For når Gud elsker oss slik, då skuldar vi også å elske kvarandre, som det står i Bibelen. Difor talar vi i kyrkja også mykje om korleis vi lever med kvarandre. Så vil vi gjerne ikkje bruke eit så stort ord som å elske kvarandre. Kanskje vi nøyer oss med seie at vi har respekt for kvarandre, at vi vil støtte og hjelpe kvarandre, ja, gjere kva vi kan for at alle skal ha det bra. Og då handlar det i siste instans om kjærleik, - praktisk kjærleik som viser seg i korleis vi oppfører oss mot kvarandre.

Det er til glede for andre, men også for oss sjølve. For det er dette vi er skapte til: Å leve ikkje berre for oss sjølve, men for vår Skapar og kvarandre. Fyrst då vert «gleda vår fullkomen», som vi høyrde Jesus seie.

Størst av dei

Så vil det nok vere så ymse med kor godt vi lukkast med dette. Men det tyder ikkje at Gud gjev oss opp, og vi ikkje lenger vil vere glad i oss. For hos Gud møter vi den kjærleiken som vi las om i 1. Kor. 13: Alt held han ut, alt trur han, alt håper han, alt toler han. Kjærleiken tek aldri slutt. Så vert dei verande desse tru: Tru, håp og kjærleik, og størst av dei er kjærleiken.

Avslutningsgudsteneste i Strandebarm kyrkje



Gåveoverrekking frå soknerådet til Roar Strømme og sonen Truls Strømme.

Det var ein fin og høgtideleg avslutningsgudsteneste i Strandebarm kyrkje søndag 25.09, der sokneprest Roar Strømme hadde si siste gudsteneste. Det var takkehelsingar frå Hardanger og Voss prosti ved prost Arild Hellesøy, tidlegare soknerådsleiar Torill Gjerde og frå soknerådet i Strandebarm ved Kåre Milje og Torunn Baldersheim.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi. Tusen takk til alle som var med og hjelpte til denne dagen.

Denne dagen var det og Kulturminnedagen i Kvam.

Leidulf Berge hadde eit imponerande foredrag om kyrkjene som hadde vore i

Strandebarm og om kyrkja som er der no. Dei som møtte opp til dette fekk med seg mykje historie frå ei svunnen tid.

**Kåre Milje
Strandebarm sokneråd**

Julekonsertar i kyrkjebygga til Den norske kyrkja i Kvam og i Øystese bedehus

Lørdag 3.12	kl 19.00	Grøvan / Pareli m fl	Øystese bedehus
Fredag 9.12	kl 19.00	Fryd	Norheimsund kyrkje
Søndag 11.12	kl 19.00	N&Ø ungdomskor	Norheimsund kyrkje
Tysdag 13.12	kl 19.00	Ålvik musikklag m fl	Ålvik kyrkje
Fredag 16.12	kl 23.00	Laudamus	Øystese kyrkje
Måndag 19.12	kl 19.00	Solveig Leithaug	Øystese bedehus
Onsdag 21.12.	kl 18.00	NML, NSML og Shine	Norheimsund kyrkje
Torsdag 22.12.	kl 18.00	Thiesen / Sørheim	Vikøy kyrkje
Fredag 23.12.	kl 20.00	Kvammakoret	Øystese kyrkje

Sjekk annonsar og nettsider om det kjem endringar

Fire år i Vikøy sokn

På gudstenesta i Norheimsund kyrkje 2. oktober var 22 fireåringar til stades, saman med prestevikar Norunn Rød Markus og vår eigen trusopplærar Bryna Opdal.



Misjon er å dela

Foreininga til NMS i Vikøy står i ein lang historisk samanheng, skriv Randi Jåstad, i samband med at foreining har runda 45 år.

Tekst og bilete: Randi Jåstad

Deling var stikkordet for feiringa av 45-års-jubiléet til Vikøy kveldsforeining 26. september i prestegarden i Vikøy. Det massive langbordet i eik i storstova var pynta med festløpar, etter mønster frå den japanskinspirerte batikkremsa Anne Skeie laga til foreininga for mange år sidan. Levande lys i nypussa stakar og haustfarga blomar ynskte dei elleve frammøtte medlemene og gjester velkomne.

Småbarnsmødrere

Leiaren, Marit Aksnes Aase, fortalde litt frå historia til foreininga, som vart skipa 14. november 1977. I underkant av tjuve unge kvinner ville vera med i oppstarten. Dei fleste var småbarnsmødrere, og møta gjekk på omgang i heimane ein gong for månaden. Høgtlesing frå Misjonstidende, bladet til hovudorganisasjonen Det Norske Misjonsselskap (NMS), andakt, song, matøkt og handarbeid var faste programinnslag. I tillegg har det sosiale felleskapet der kvinnene deler smått og stort med kvarandre, vore viktig.

Om lag halvparten av dei som starta foreininga i 1977, er framleis aktive. Gjennomsnittsalderen er høg no, og ein vonar at nye, unge medlemmer vil ta over stafettspinnen.



Alvhild Vassel Eide, tidlegare misjonær, no pensjonist.

Evnen til å dela

Misjonær Alvhild Vassel Eide, opphavelg frå Herand, men no busett på Sotra, har brukt mykje av det yrkesaktive livet sitt på misjonsmarker i Kamerun, der fleirtalet av folket er muslimar. No er ho pensjonist, men framleis aktiv i det regionale misjonsarbeidet. Ho ser med glede og takkemd tilbake på den gavmilde gjestfriomen ho vart møtt med når ho kom til ein ny plass i Kamerun. Folk kom med til dømes høns, hundrevis av bananer eller salta og sukra peanøter. Sjølv om mange hadde lite å rutta med, var dei opplærte til å dela med seg.

Noko av det viktigaste Vassel Eide har fått med seg etter mange år som lærar, rektor og misjonær i Kamerun, er evna til å dela med seg. Det kan gjelda dans og livsglede, men òg kunsten å reisa seg etter



Bøssa er eit sentralt element når foreininga samlast.



Øyvind Haarr, som var områdesekretær i Norsk Misjonsselskap på 1990-talet, har arbeidd mykje med norsk misjonshistorie. Han gav festlyden innblikk i noko av arbeidet sitt.

nederlag. Som misjonær har ho delt bøn og evangeliet med folk frå ulike kulturar, språk og livsvilkår.

Lang historisk samanheng

Foreininga i Vikøy står i ein lang historisk samanheng. Øyvind Haarr har samla stoff om utviklinga heilt frå 1876, då «Vikøy



Den yngste og den eldste festdeltakaren, Randi Valland Eide og Kjellaug Røyrvik.



Medlemer i foreininga 2022. Kjellaug Røyrvik er innbeden som heidersgjest.

kvindeforening for Prestbygdi» vart skipa av Trine Tobine Selmer, kona til sokneprest Selmer, som konsekvent vart omtala som Fru sokneprest Selmer. I foredraget sitt til jubileumslyden drog Haar linjer tilbake til dei første norske misjonærane i Finnmark og på Grønland og forklarte korleis opphevinga av konventikkelpakaten i 1841 førte til auka religiøst engasjement blant lekfolk i heile landet.

Haarr fortalde òg korleis misjonsforeiningar i Hardanger kom i gang alt i første delen av 1800-talet, og greidde ut om ulike måtar å få inn pengar til misjonen på. Vikøy kvindeforening møttest i prestegarden to gonger i månaden på dagtid. Kvinnene kom i nitida om morgonen og tok på heimveg seint på ettermiddagen. Kvinnene produserte ullklede som vart selde til inntekt for misjonsaktivitet.

Foreininga baud på snittar og marsipankake til kaffien. Denne gongen var maten kjøpt, vanlegvis syter kvinnene for maten på møta sjølve. Marit Aksnes Aase avslutta jubileumsfeiringa med ynskje om at foreininga vil leva vidare slik at misjonsarbeidet kan halda fram.



Illustrasjonsfoto

En jul å glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte. Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til **13130**
Gi på konto **3201 52 74165**

 **Blå Kors**

Julehelsingar frå sokneråda



Eit annleis år

Når klokka bikkar midnatt 1. januar 2022 står eg i ei leilegheit i Fyllingsdalen og ser ut vindaugget. Alt lyset i stova er sløkt slik at det skal bli lettare å sjå det fargesprakande gneistregnet som etter kvart openberrar seg på nattehimmelen. Lyset og fargane sprenger seg igjennom ein elles regnvåt og mørk himmel. Midt i denne lysfesten ynskjer me kvarandre eit godt, nytt år, slik me alltid plar gjere, og glir relativt sorglaust inn i det nye året. Lite veit me kva utfordringar som ventar berre veker seinare.

2022 har i sanning vorte eit annleis år. Krigen i Ukraina har skapt materielle øydeleggingar og menneskelege lidingar ein knapt kan tenkje seg på europeisk jord i fredstid. Mange har mista familie, vener, hus og heim og flykta til andre land i Europa – og til Noreg og Kvam. Storbritannia opplever politisk krise med regjeringar som kjem og går som døgnfluger. I Italia gjer tre ytre-høgreparti sitt inntog i regjeringsapparatet. I Iran tenner urett og undertrykking mot kvinner og andre ein opprørseld det er lenge sidan ein har sett maken til der. På heimebane skapar renteauke og høge straumprisar grunn til uro, om enn av ein annan karakter enn det ein elles ser mange stader i verda.

Midt i alt kaoset rundt meg tenner eg kvar dag i adventstida eit lys for fred. Det skal minne om meg om julebodskapen, om Jesus, verdas lys, som kjem til jorda og gjev mennesket fred og eit nytt håp.

Med ynskje om ei velsigna julehøgtid!

Ingvill Sørheim

Leiar av Vikøy sokneråd



Fyllest med takksemnd

I skrivande stund er det oktober, og juleførebuingane er på høveleg avstand, meinte eg. Men kvardagen fortel noko anna: butikkane fløyamar over med ting me kan tilby kvarandre til jul, og ungane har i år som i fjor starta ynskjeliste-skriving. Dei fleste vaksne (og fellestråda) ynskjer seg moderate strømkreningar medan borna ikkje veit kva dei skal ynskja seg – for dei har det meste. Og så kjem posten med gåve-giroane som minner oss om alle som ikkje bur i eit av verdas rikaste land, og som ikkje har problem med å vite kva dei treng. Våre nye sambygdingar frå Ukraina minnar oss også på kor nært krig og usemje er. Eg fyllest med takksemnd over den lykka at eg vart fødd her!

Livet i kyrkjelyden speglar livet slik det er: glede med bryllaup, barnedåp, familiegudsteneste, konfirmasjon, og – når sorga råkar – gravferd. Me i soknerådet takkar prestane våre for deira heilhjarta innsats for sokneborna i glede og sorg. Takk og til familieane deira som støttar dei i arbeidet. Takk til alle andre tilsette og frivillige.

Me har forventningar om ei glad og fredfylt jul, og det ynskjer vi alle i soknet.

Ja, kom med fred og glede, vi treng ei høytidsstund

der frykten holdes nede et håpefullt sekund.

La lyse barnestemma og hellig klokkeklang nå inn i våres gjemma med kjærlighetens sang

(Jul i nord, Halvdan Sivertsen)

Ragnhild Irene Nordheim

Leiar av Ålvik sokneråd



Jesus fødsel i sentrum

Etter to år med pandemi, som har gitt færre høve til å besøka kyrkjene våre grunna krav til avstand samt færre kyrkjelege møtepunkt, ble det endeleg åpning for normal aktivitet igjen. Ja, i alle fall så normalt ein kan få det med skyhøge strømprisar. Nokon tilpasningar til strømprisane har det blitt i all kyrkjene i Kvam, med lavere innnetemperaturar blant anna.

Vi nærmer oss nå adventstiden eller ventetiden frem mot jul. I butikkene bugner det av jul med klementiner, pepperkaker og julemat. I år er det ikke sikkert at alle har råd til alt de kunne kjøpe i fjor. Blanding av 2 års pandemi og oppstart av krig i Europa har ført til inflasjon, høge strøm og drivstoffpriser, renteøkning for dei med lån og auka matvareprisar. Dette har ført til at mange slit økonomisk og at det kan være vanskeleg å møte jula med tom konto. Håpar derfor at mange strekker ut ei hånd til dei som treng det, enten dei er einsame i julen eller ein familie som treng ein ekstra gåve.

Julen er ei høgtid dei fleste av oss ser fram imot enten det er samling av familie, gode historier eller feiring av Jesus fødsel som står i sentrum.

Vil avslutt med et lite dikt: Hva er jul? Det er ømhet for fortiden, mot for nåtiden, håp for fremtiden. Det er et inderlig ønske om at hver kopp skal flomme over av velsignelser rike og evige, og at hver vei skal føre til fred. – Agnes M. Pahren På vegne av Kvam kyrkjelege fellesråd ynskjer eg alle ein god og fredfull julehøgtid.

Lisbeth Henriksen

Leiar i Kvam kyrkjelege fellesråd



Ein betre plass

Ja, då nærmar året 2022 seg snart slutten. Det har vore eit spesielt år på mange måtar. Russland gjekk til krig mot Ukraina, og her i landet blei det straumkrise, mat- og drivstoff prisauke. I Strandebarm sokn gjekk Roar Strømme av som sokneprest ved oppnådd alderspensjon.

Den 9. november vart det viksla ny sokneprest. Noko me er svært takksame for. Han heiter Vetle Karlsen Eide. Han kjem opprinneleg frå Arendal, men har vore ansatt ved Bispekontoret i Bergen. Soknerådet ynskjer han stort velkommen.

Ynskjet og håpet for året som kjem er at verda må bli ein betre plass å leva i for oss alle. Me må ta vare på kvarandre og bry oss om kvarandre. Ta ein kikk innom naboen av og til.

Strandebarm sokneråd ynskjer alle ei velsigna jul og eit fredfullt godt nyttår.

Kåre Milje

Leiar av Strandebarm sokneråd



Traust prest for traust kyrkjelyd

Ove-Kjell Sakseid

Fast spaltist i *Prestar i Kvam*

Mange hugsar enno Absalon Holme. Det er ikkje så mange tiår sidan han flytta inn i prestebustaden i Vikøy med heile huslyden sin. Traust og sindig, og oftast smilande møtte han sokneborna. Og dei svarta attende på same måten, slik det høver seg for trauste kvemningar. Presten og folket stod til einannan.



Heile namnet hans var Absalon Elias Holme. Opphaveleg kom han frå Hyen i Nordfjord. Han var ferdig med studiane i 1939, og reiste saman med kona til Frankrike for å hjelpe jødiske flyktningar. Men då krigen braut ut for alvor, måtte dei reisa heim att. Men det israelske folket låg Absalon og kona på hjarta, og han var ei tid sekretær for Israelsmisjonen. Han var og prest for fangane på Gulskogen Tvangsarbeidsleir under krigen. Seinare var han prest i 13 år i Bjelland sokn før han kom til Kvam.

Då han kom til Vikøy midtsommar i 1963, var han veletablert med familie og gifteferdige søner. Kona Amalia og dei fire sønene var prega av same ro og tryggleik som presten. Amalia hadde vore gift tidlegare, og hadde to born frå første ekteskapet. Dei to yngste hadde ho saman med Absalon. Men Holme-familien var eitt.

Tog med karar

Når det gjekk mot kyrkjetid preikesøndagane kom eit heilt tog storvaksne karar frå prestegarden i Vikøy. Amalia gjekk føre, og gutane følgde etter, alle fire om dei eldste var heime frå studiane. Dei kom inn sidedøra i kyrkja og gjekk fram i klokkestolen og sessa seg. Absalon var komen tidlegare, som det høver seg forrettande prest.

Det var varme og utstråling frå presten. Det var vel det som i første rekke gjorde at han vart godt likt hos oss.

Distre lærar

Sjølv har eg eit minne om Absalon som viser litt av godleiken, varmen og smilet hans. Ho som skulle bli kona mi og eg skulle ta ut lysing, som det heitte den gongen. Namna våre skulle lesast opp frå preikestolen nokre gongar, og folk skulle bli kjende med at me tenkte å slå oss saman. Me måtte møta opp på prestekontoret med attestar på kven me var, og presten skulle høgt og heilagt påleggja oss



ansvaret me hadde for kvarandre i ekteskapet. Min dåpsattest måtte sendast frå Haugesund, og eg leverte det eg hadde fått til presten og fortalde kva eg heitte. Hm, kremta presten. «Ove-Kjell? – Her står det ---» og så sa han bror min sitt namn. Eg hadde fått tilsendt feil attest. Eg skulle gjerne krope under bordet, men presten kremta igjen. «Du skal bli lærar?» slo han fast. Ja, eg stadfesta at det var tanken. «Ja, då har du lov å vera distre! Eg tenkjer me tar første gongs lysing for dykk komande søndag.» Og gifte vart me då tida for bryllupet kom.

Skipa kyrkjeringar

Absalon Holme hadde ein finger med i mangt og mykje. Mellom anna var han med som ein av drivkreftene for ny kyrkje i Norheimsund. Kyrkjeringane som vart skipa i hans tid, var ei sentral kraft for å få realisert bygget. Med seg i det arbeidet hadde han Gunnhild Tufteland.

Om Absalon var trygg og traust, var Amalia trygg og livfull. Eg tenkjer på Marte Svennerud når eg skal prøve å finna ord som passar til henne. Omsorgsfull og raus. Ho styrte opp heime, og ordna opp i det meste. Skulle gutane eller mannen på reis, var det ho som gjorde alt klart frå pakking til billetter.

Tidleg på hausten 1976 flytte Amalia og Absalon til Sørlandet, der ho kom frå.



Juletankar frå unge Øystese

Gjermund Øystese

er kommunikasjonsrådgjevar
i Norges kristne råd



Nordmenn er glad i tradisjonar. Noko av grunnen til dette trur eg er at tradisjonar representerer eit fast haldepunkt i ei tid kor mykje opplevast svært flytande og usikkert med koronavirus og klimaendringar snikande rundt hushjørnet. Som menneske er me avhengige av ankerpunkt i livet. Noko som ikkje forandrar seg. Jula, påska, 17-mai representerer alle noko som bind saman. I jula vert familien satt i sentrum, og ein kan lene seg attende og slappe av med julegåvene og den gode maten. Samstundes er julehøgtida ei tid med store motsetningar; fattig og rik, sultan og mett, sjuk og frisk. I fjor sat me ny rekord og brukte omlag 124 milliardar kroner på julegåver.

Julehøgtida har for lengst blitt forbrukarsamfunnets høgtid, og me står i fare for å gløyme kva høgtida faktisk handlar om. Me har det svært godt i Noreg. Det er ei velsigning som forpliktar oss. For me kan ikkje lukke auga for det som hender i ver-

da. Me kan verkeleg ikkje tåle så inderlig vel den urett som ikkje rammer oss sjølve. Strutsen er eit fint dyr, men å stikke hovudet i sanden er kanskje ikkje det me skal gjere? Skal me liksom stå der, med alle julegåvene våre og late som alt er såre vel i resten av verda? At så lenge me har sikra våre grenser og gjort det vanskelegast mogleg for trengande å få kome inn i dette landet, så er alt på topp? For det er jo trygt så lenge augo våre ikkje treng å sjå den uretten som skjer ute i verda. Me kan jo berre skru av flatskjermen.

Dei menneska som lever i land herja av krig, fattigdom og klimaendringar kan ikkje skru av. Uretten i verda gjer at menneske mange stader ikkje har anna val enn å flukte frå sine heimland og tradisjonar. Desse menneska har ingen faste haldepunkt i tilværet. Kvar skal dei gjere av seg i jula?

Det er flaut at me i det hele tatt kan tenkje; *Norge først, så resten av verda*. Det er jo denne tankegangen som har ført til

dei store skilnadene me ser i verda i dag.

Dette gjer meg trist. Eg meiner ikkje at det er feil å gje gåver, men det vert altfor mykje fokus på kva ein skal ynskje seg til jul. Som om alt dreier om det. Eg må innrømme at eg verkeleg sleit med å finne noko eg ynskte meg til jul i år. For kva betyr ein skarve julegåve i den store samanhengen?

Vel, strengt tatt er det faktisk akkurat dette jula handlar om. Sjølve julegåva, den største gåva som nokosinne er blitt gjeve. Ei gåve med uendeleg verdi. Ein gåve gjeven med grenselaus kjærleik til heile menneskeheten. Ei gåve som ikkje kjenner nokon landegrenser. Ei gåve som ikkje krev at du skal gje noko attende, men som berre krev at du tek imot. Jula handlar om den største kjærleiksgjeringa gjennom alle tider. Guds gåve til mennesket, Hans einaste son, Jesus Kristus. Vår frelsar. Verdast lys og håp.

PRESTEN HAR ORDET

Jula i hønehuset

Det var femten grader i lufta. Det var klamt ver og tåke. Inne surra aircondition. Eg måtte ut og gå. Da eg vandra rundt i byen lukta det røykelse blanda med sur-søt saus og ris. Til lunch fekk eg tilbod om hønsføter. Det var neonlys og plastikkpynt i butikkane. Det var «ho-ho» over ein lav sko. Eg budde i Hong Kong.

Her jobba eg på ungdomsherberget «Ascension House» på «Fjellet der Kristus-vinden bles» eller «Tao Fong Shan» som staden heiter på kantonesiske.

Saman med tre andre skandinavar tok eg i mot ungdom frå heile verda. Ungdom som kom for ei overnatting eller fleire. Ungdom som leita etter meininga med livet. Ungdom som ville ha eit fri-år frå skule og jobb. Ungdom nett som meg.

Det stunda mot jul. Vi hadde baka småkaker og pynta heimen vår. Vi hadde fått tilsendt gåver frå våre i Noreg. Eg hadde fått julegåver frå både nær familie og kjærasten min.

Vekka av julemusikk

Da julaftan kom vart vi vekka av julemusikk. Det var julegudsteneste i kyrkja på Tao Fong Shan saman med den kinesiske kyrkjelyden. Til middag åt vi nydeleg julemiddag med riskrem og mandel til dessert. Alle gjestane våre fekk kvar si gåve. Men kva skulle eg opne gåvene eg hadde fått frå mine i Noreg?

Eg kjente eg ville ha denne stunda for meg sjølve. Noreg var så langt unna – eg vart melankolsk.

Vetle Karlsen Eide

Sokneprest i Strandebarm sokn og Vikøy sokn



På utsida av Ascension House hadde vi eit gammalt hønehus. Det var med åra blitt gjort om til eit heilt enkelt kapell. Det var sement på golvet, hønsenettingen fungerte som vindauge og på taket var det blikkplater. Her hadde vi våre morgonbøner, her kunne vi søke ro.

Denne julaftan, medan stjerna lyste og det enda var larm frå Shatin-dalen, sneik eg meg ut. Eg tok med meg julegåvene og sette meg på sementgolvet i hønehuset. Eg opna pakkane, kjende på saknet men var takksam for alle som hadde tenkt på meg.

Etter ein bevega stund, pakka eg saman tinga mine og gjekk inn til dei andre. Det var godt igjen å bli lukka inn i fellesskapet.

Framnes 125 år

I oktober var det stor fest på Framnes kristne vidaregåande skule i samband med at skulen er 125 år. På bileta ser med rådmann Anita hesthammar som helsa frå Kvam herad, tidlegare elev Andre Karlsen som dansa, Eli Skåland Tveitane som helsa frå Norheimsund indremisjon, små og store lokale heltar rundt thai-maten og tilsette, godt hjelpt av unge Lisa Grane Hisdal og elev Marianne Holmedal etter at dei hadde sunge Framnes-songen. (LAV, Foto: Framnes)





Fred på jord

Fred på jord er byrjinga på tredje verset av «Glade jol». (NoS 47). Det er som ein atterklang av englesongen på Betlehemsmarka: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» Englane hadde nett fortald gjetarane om Frelseren som var fødd i Davids by. Med Han var fred kome til jord.

Det er ikkje første gongen me høyrer bodskap om fred i Bibelen. Hå profeten Jeremia (kap 29, vers 11) les me: «For eg veit kva tankar eg har med dykk, fredstankar og ikkje ulukkestankar. Eg vil gje dykk framtid og håp».

Det er viktig med gode tankar, men utan at dei vert følgde av handling er dei ikkje så mykje verd. Gud har både vilje og

makt til å setje sine tankar i verk. Det gir håp om ei betre framtid.

Dei som høyrde profeten Jeremia sitt bodskap var fanga i Babylon. Dei lengta heim att til Jerusalem og bodskapen dei høyrde var nok ei stor trøyst som gav håp. Det gjekk sytti år, men det skjedde til slutt. Dei fekk koma heim att og bygga opp at det som var rive ned. Guds fredstankar vart sette i verk.

Guds fredstankar ligg også bak når han sender Son sin til verda. Det er fredstankar for alle menneske. Me syng i «Kim alle klokke» (NoS 49): «Fred kom til jord, himmelens fred med Guds Ord.» Når Ord verst skreive med stor «O» så er det Jesus Kristus det er meint. (Joh 1,1). Guds fredstankar vart sette i verk.

Me lever i ei uroleg verd. Mange menneske opplever alt anna enn fred. Flykt-

ningar kjem til landet vårt. Dei er skilde frå sine nære og kjære. Kan hende heimane deira ligg i ruiner. Korleis er det for dei å feira jul og syngja om fred på jorda?

Kan hende bodskapen om fred er viktigare for dei. Guds fredstankar og Guds makt gir håp om ei betre framtid. Dei får be om ei framtid der dei er gjenforente med sine kjære, og får feira jul i lag i fred.

«Å du heilage, nådebærande julefest med Guds fred på ny!» I vår julefest får me ta imot Sonen han gav oss. Han vert kalla Fredsfyrste (Jes 9,6) og Han gir oss fred i våre hjarte.

Med fred i hjartet lengtar me etter fred på jord mellom alle menneske. Ofte kjenner me oss makteslause, men me ber til Gud, som me veit har fredstankar med oss.

Ha ei velsigna julehøgtid!

50-årsjubilarantar i Vikøy sokn



Foto: Fotografmester Eric Clement

Øvst frå venstre: Knut Skeie, Audun Høyland, Sjur Nesbø, Hallgeir Kjosås, Arve Skutlaberg, Dagfinn Skeie, Knut Saue.

4. rekkje: Johannes Djuvsland Neteland, Bernt Eilev Ålvik, Norvald Tveiten, Harald Johannes Nisamjan, Svein Åge Vangdal, Geir Ove Neteland, Ove Odland, Kjell Egil Dale.

3. rekkje: Odd Harald Thowsen, Rune Aase Kvitastein, Oddvin Aksnes, Steinar Neteland, Terje Kolltveit, Tore Fosso, Geir Valland.

2. rekkje: Dagny Vangdal, Randi Vågen, Jorunn Røyrene, Torill Måkestad, Helga Augestad, Dagny Kjosås, Hellen Børve, Rita Hildegunn Neteland, Marita Vangdal Mo, Maj Britt Rognvik, Tove Marianne Sørheim Lien, Anne Kristin Nordtveit, Ragnhild Eide.

1. rekkje: Marit Sandven, Turid Dyrøy Madland, Janicke Albrigtsen, Jorunn Tolo, Mona Kaldestad, Turid Tveiten, Svanhild Brattli, Vigdis Hammersland, Erna Norheim.

Øystese søndagsskule

heime hjå Kari Furnes Aalvik og Sveinung Lid Aalvik



Forfattaren Eyvind Skeie,

med etternamn frå Kvam, var i Norheimsund på ein salmekveld i oktober, til stor gled for mange fram møtte. Kantor Ulf Krupka spela til og alle song salmar frå salmeboka til Skeie. På biletet signerer han ei av bøkene sine. (LAV)



Forandringens vindar bles

Etter 13 år i stillinga som sokneprest i Øystese og Ålvik sokn er tida no kome for Lars Arne Vik å vende blikket heimover til Vik i Øygarden. Han kom til bygdene i september 2009, men frå 1. februar 2023 tek han til som sokneprest i Sund sokn i Øygarden kommune i Vesthordland prosti.

Sokneprest Vik seier til kyrkjeblandet at det har vore rike og innhaldsrike år i Hardanger, men at tida no er inne for å skrive eit nytt kapittel i livet for han og familien. Han blir i stillinga i Øystese og Ålvik ut året. I januar har han permisjon før han tek til i Sund. Det blir avskilgudsteneste for Lars Arne Vik søndag 8. januar kl. 11 i Øystese kyrkje. Her er alle invitert.

Vikarprest i Øystese sokn og Ålvik sokn

Då Lars Arne Vik sluttar som sokneprest i Øystese og Ålvik vert stillinga lyst ut snarast råd. Men det vil ta noko tid før ny prest er på plass. Prosten har difor engasjert dei pensjonerte prestane Roar Strømme og Arne O. Øystese som vikarprestar frå årsskiftet, slik at prestenesta vert halden oppe,- til også desse sokna vonleg får ein ny sokneprest.



Vennefest 2022

Den mest skumle dagen i pret vart med eitt den beste dagen i året! 250 små og store feira «Vennefest» i Norheimsund kyrkje på sjølvaste Halloween-kvelden. Med barnekoret Shine, aktivitetar og masse snop og kaker var det mange glade born og vaksne å sjå i kyrkja. Frivillige hadde stått på i fleire veker for å leggja til rette for ei flott feiring av venskap med kvarandre og Gud, og både born og vaksne hadde kledd seg ut i sine mest vakre kostymar. Bileta talar for seg sjølv!

Vetle Karsen Eide

Mitt hjerte alltid vanker

Å finna «min salme» var ikkje lett. Etter mange år med korsong og fellessong i kyrkje og bedehus er det mange salmar/songar eg kunne ha kalla «min salme.» I det siste har eg songe mykje på «Å, ver hjå meg» når eg køyrer traktor eller gravemaskin.

Men etter to år med pandemi og stusselege tider for både kor og korps måtte det likevel verta: «Mitt hjerte alltid vanker.»

Me kan no sjå fram til ei julehelg der me kan møtast og feira saman.

Og snakk om slitestyrke i denne salmen. Skri-ven i 1732 av Hans Adolf Brorson, der han på gli-trande vis skildrar Jesu fødsel og liv, og veldig personleg formulert i vers etter vers.

290 år etter at Brorson skreiv denne, vert den framleis sunge på julekonsertar og gudstenester over den vide jord.

«Hvi lot du ei utspenne en himmel til ditt telt»

« En spurv har dog sitt rede og sikre hvilebo.»

Glimrande formulert av ein som fekk prøvd livet. Brorson mista 10 av sine 16 born, og kona og barnet døydde i barselseng medan han skulle til København og vigslast til biskop. (Etter Ragnhild Helene Aadland Høen, i historien om denne songen.)

Likevel maktar han, i ein alder av 36 år, å skriva « Jeg gjerne palmegrene vil om din krybbe strø, for deg, for deg alene jeg leve vil og dø.»

Denne salmen var nok for meg og høgdepunktet på Hugsamklang sin julekonsert for nokre år sidan, der eg fekk sitja og lytta og ta inn desse orda som vart skriva for 290 år sidan og som er like innhaldsrike i dag som då.

Og i ei tid med krig og mykje smerte i Europa kan me likevel prøva syngja denne håps-salmen frå 1732.

Harald Kjosås (72)

er pensjonert gardbrukar og bur i Øystese



*Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom,
der samles mine tanker som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin skatt;
jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt*

*Men under uten like , hvor kan eg vel forstå
at Gud av himmerike i stallen ligge må!
At himlens fryd og ære, det levende Guds ord,
skal så foraktet være på denne arme jord.*

*Hvi lot du ei utspenne en himmel til ditt telt
og stjernefakler brenne du store himmelhelt?
Hvi lot du frem ei trede en mektig englevakt,
som deg i hvite klede så prektig burde lagt.*

*En spurv har dog sitt rede og sikre hvilebo,
en svale må ei bede om nattely og ro,
en løve vet sin hule hvor den kan hvile få-
skal da min Gud seg skjule i andres stall og strå.*

*Akk kom jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn:
Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt.*

*Jeg gjerne palmegrene vil om din krybbe strø,
for deg, for deg alene jeg leve vil og dø.
Kom, la min sjel dog finne sin rette gledesstund,
at du er født herinne i hjertets dype grunn.*

Tekst: Hans Adolf Brorson 1732

M: Svensk/norsk folkemelodi

Jubileumsskrift - julegave dette året?

Øystein Ådland har ført pennen med stødig hand til det som vert eit flott jubileumsskrift på nær hundre sider, trykt på godt papir og med foliert omslag. Stoffet inkluderer litt om bakgrunnen for oppstarten i 1872, om barne- og ungdomsarbeidet, om song og musikk-liv inkludert ein større bolk om Norheimsund og Øystese Ungdomskor, om samarbeid med kyrkja og Framnes, om fellesskapsbygging, og om visjon for framtida.

Teksten er supplert med rikhaldig foto-materiale, og tek med artige his-

torier, intervju og faksimilar som vi trur speglar både spøk og alvor.

Her kan du lesa om «Underet i bedehuset i ca 1905» - eg seier ikkje meir.

Du kan også sjå ein lokal stortingsmann med hatten på som grev tomta med eigen-konstruert gravemaskin.

Boka tek også ei historie med den modige Kari Øystese.

Skriftet skildrar det omfattande kristelege kulturarbeidet arbeidet som har pågått i bedehuset over åra, og litt om kva fotavtrykk dette har sett, også for nokre av dei som i dag ikkje lengre identifiserer

seg med bedehus-rørsla. Mange i bygda vil finna ein av sine nære, kjende eller seg sjølve att i innhaldet, og kanskje reflektera litt over dette etterpå.

Pris: kr 200,- + evt porto

Tinging: send sms til Tore Skeie, mobil 900 77 001 eller trskeie@gmail.com



GUDSTENESTER I SOKNA

4. desember

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Lars Arne Vik

4. desember

Øystese kyrkje kl. 19.00
Lysmesse og søndag for forfølgde kristne

11. desember

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Sundagsskulen har Lucia-fest
Shine barnekor syng

18. desember

Øystese kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Lars Arne Vik
Adventsgudsteneste

18. desember

Strandebarm kyrkje kl. 17.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Lysmesse

24. desember

Øystese kyrkje kl. 14.00
Sokneprest Lars Arne Vik
Julaftangudsteneste

24. desember

Øystese kyrkje kl. 15.00
Sokneprest Lars Arne Vik
Julaftangudsteneste

24. desember

Norheimsund kyrkje kl. 15.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Julaftangudsteneste

24. desember

Strandebarm kyrkje kl. 16.00
Vikarprest Jostein Skutlaberg
Julaftangudsteneste

24. desember

Norheimsund kyrkje kl. 16.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Julaftangudsteneste

24. desember

Ålvik kyrkje kl. 16.30
Sokneprest Lars Arne Vik
Julaftangudsteneste

25. desember

Norheimsund kyrkje kl. 12.00
Sokneprestane Vetle Karlsen Eide
og Lars Arne Vik

31. desember

Strandebarm kyrkje kl. 16.00
Vikarprest Roar Strømme
Minnegudsteneste

31. desember

Vikøy kyrkje kl. 18.00
Vikarprest Arne O. Øystese

8. januar

Øystese kyrkje kl. 11.00
Avskil med sokneprest Lars Arne
Vik. Prost Arild Hellesøy tek del.

15. januar

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Messingsmesse

22. januar

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

22. januar

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese

29. januar

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

29. januar

Ålvik kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme

5. februar

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme

12. februar

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

12. februar

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme

19. februar

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese

19. februar

Norheimsund kyrkje kl. 16.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

22. februar

Norheimsund kyrkje kl. 19.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Askeonsdag

26. februar

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!



Dobbeltjubileum i oktober

Framnes markerte 125-års jubileum på sjølvaste oppstartsdatoen 1. oktober. Norheimsund indremisjon hadde stor 150-årsfest sist i oktober. Begge desse har vore viktige aktørar i kyrkje og misjonslivet i Kvam.

Johannes Brandtzæg kom til Framnes og til Kvam i 1897. Kontaktpunktet hans frå før den tid var prestegarden i Vikøy. Her møtte han vener og støttespelarar då planane hans om ein skule for ungdom skulle realiserast. Kapellan Realf Ottesen var med i den første lærarstaben på Framnes. Prost J.A.B. Christie var og med som timelærer. Hausten 1895 tala Brandtzæg på eit stort indremisjonsmøte i Norheimsund. Kva møte dette var, veit me ikkje. Men det var ikkje første gongen han var i Norheimsund som talar. Både då han var styrrar for indremisjonsskulen i Bergen, og seinare som leiar i Kinamisjonen, kom han til Kvam. Her fekk han vener, og kristenfolket i Kvam fekk tillit til han. Han hadde nok lufta skuleplanane sine både i prestegarden og mellom misjonsfolk i Norheimsund.

Mange frå Framnes

Det var naturleg for både Brandtzæg og Framnes å engasjera seg indremisjonsarbeidet i Norheimsund. På Framnes kom det etter kvart særmerkte personar med i lærarkollegiet. Alle vart dei nytta som talarar i kyrkje og bedehus, og som medlemmer av ulike styreorgan. Brandtzæg var indremisjonsformann i Norheimsund 1902 – 1911. Då reiste han frå bygda. Ettermannen hans som skulestyrar på Framnes vart og ettermannen hans som formann i indremisjonen: *Halvor Fottland*, formann 1911 – 1917. *Hans Sandvoll* tok over som formann i 1917. Han var formann fram til 1946, men med eit avbrot på åtte år rundt 1930. Deler av denne avbrotstida var nok ein Framnes-lærer formann: *Sjurd Røyrvik*. Desse fire var formenn i Norheimsund indremisjon i tilsaman 36 år. Alle fire fekk dei kongens fortjenestemedalje i gull. Seinare fekk også *Bright Vaage* same medalja. Og det var for arbeidet i skulen, i kyrkje og misjon, og i anna samfunnsarbeid dei fekk heideren. Fem gullmedaljar på same skulen!

Samarbeidet mellom indremisjonen i Norheimsund og Framnes har vore sterkt og godt også dei siste femti åra. Likevel



Framneslærarar, frå v. Halvor Fottland, Hans Svarstad, Sjurd Røyrvik og Hans Sandvoll. Biletet er teke etter at Brandtzæg flytte frå Kvam.

har ein ikkje hatt slike lange periodar med «Framnes-formenn» sjølv om både rektor og lærarar har vore styrelemer.

Ekstrabussar

Folk frå heile fjorden møtte gjerne fram ved dei mange 'huslydkveldane' på Framnes. I 1960- og 1970-åra vart det sett opp ekstrabussar frå Ålvik og Øystese og frå Strandebarm. Ei tid var det godt med folk på bussane. Huslydkveldane var store, kristne kulturkveldar. Kjende talarar og foredragshaldarar frå heile landet steig fram for fullsette salar. Song- og musikkrefter av høgaste rang var inviterte. Pause med matøkt gav tid og rom for samtale og høve til å knyta kontaktar mellom skulen og bygdefolk. Nemnast bør og dei store utstillingane ved skuleslutt av elevarbeid frå dei praktiske linene. Utstillinga vart kunngjort i lokalavisa, og folk møtte fram og var imponerte av kva elevane hadde fått til.

Utanom skuleområdet

Dei siste åra har personalet frå Framnes vore sentral i arbeidet i bedehuset. Det vert hevda at det enkelte år hadde vore bortimot uråd å få vald eit styre om ikkje ein eller fleire frå Framnes hadde trødd til som styrelem eller varalem. Ikkje minst i barne- og ungdomsarbeidet har indremisjonen fått nytta godt av innsatsen frå Framnes. Ungdomskoret, Ving, Shine, Heimlokk, Heims musikklag, - det er mange arbeidsgreiner å nemna – alle har fått innslag av Framnes-tilsette. Truleg har det og hatt mykje å seia at det har vorte meir

og meir vanleg at tilsette ved skulen er busette utanom skuleområdet, i Vikøy eller Norheimsund. Dei har hatt born og unge som dei gjerne ville skulle vera aktivt med i ungdomsarbeidet på bedehuset. Såleis har det vorte naturleg for foreldra å ta eit ansvar for det same arbeidet. Mange unge familiar har funne plassen sin i bedehuset, og der har dei funne eit fellesskap, både åndeleg og menneskeleg. Det vart nok ein gong ein god bakgrunn for aktiv deltaking frå foreldregenerasjonen.

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne, samt planting?

Også sal av nye gravminne med tilbehør (Eikner naturstein)

Ring: 406 11 817

Lang erfaring, førehandspris.

L.M. Fosse



Ingebrigt Vik

«Studiet av dåpsengelen og den malte altertavlen forkortet meg tiden på den behageligste måte under de lange prekenar og var sikkerlig de ting som først ga meg noen forståelse av at det var noe i verden som het kunst.»

Slik begynte Ingebrigt Viks liv som kunstner.

Ingebrigt ble født 5. mars 1867 i Øystese. Faren hans var møbelsnekker. «Selvfølgelig var jeg på verkstedet hos far så tidlig jeg kan huske, og når jeg bare fikk kniv og et stykke tre var jeg tilfreds.»

Kunstnerblodet begynte skikkelig å strømme da han besøkte Verdsutstillinga i Paris i 1900. Etter gode år med hans takrosettfabrikk i Bergen reiste han dit som del av et reiseselskap i storbyen som var datidens sentrum for den kunstneriske verdensscenen. Her bestemte han seg å bli kunstner og «intet annet»

Studier i Paris

Fra hans kunstutdanning i København var han opplært i antikkens verden via den ny-klassisistiske tradisjon som var sterk i Danmark. I Paris var det de nye strømninger som impresjonisme og naturalisme som gjaldt. I 1902 flyttet Vik til Paris for å studere og etterhvert etablere sitt eget atelier. Her blir han heftig påvirket



av de nye retninger i kunsten. Du kan se stadige skiftninger mellom klassisk stil og naturalisme i hans arbeid fra denne perioden. Gammel kone er en et tydelig eksempel på naturalisme.

Prissatt mann

I 1910 reiser Vik tilbake til Norge, til Oslo. Her jobber han i konkurranseutkast for monumenter og ble en etablert og prissatt mann i det norske kunstverden. Hans hovedverk laget han her, Ynglingen (1913) hvor han går helt tilbake til en klassisk ut-

forming. I 1917 ble hans Grieg monumentet avduket i Bergen.

Hans karriere fikk da en brå slutt. Han utviklet Bekhterev sykdommen som gjorde det umulig for ham å jobbe videre med store ting. Han kom hjem til Øystese for siste gang. 10 år senere, på 23. mars i 1927 døde han 60 gammel.

«I døden må man gå med full humør.»

Et minnestein står ved inngangen av Øystese kirke.

**Wim van den Toorn
Kabuso, oktober 2022**

DETTE BRENN EG FOR

Å utrusta til teneste

Det er mykje som er kjekt og meningsfullt å stå i. Det å få utrusta menneske til teneste, og gjerne unge leiarar, er noko av det eg brenn mykje for.

Å fremja Guds rike, og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid, er føremålet til IMS. «Livskraftig» kan bety funksjonsdyktig, sterkt og robust; at arbeidet skal leva vidare og utviklast. Dette gjer seg ikkje sjølv. Mange i området vårt er flinke til å lære opp andre, gå ved sida av, for så å gå bak og støtta. Det er slik arbeidet er livskraftig og berekraftig. Dei seinare åra har eg også blitt meir bevisst på spørsmålet me bør stilla mot slutten av læretida: «Og kven vil så du lære vidare?».

Eg har erfaring med at ein 18-åring kan gi vidare til ein 16-åring, og 16-åringen kan igjen lære vidare til ein 14-åring. Dette skapar engasjement og eigarskap. Denne arbeidsforma er henta frå 2. Tim. 2,2, og slik kan teneste bli multiplisert. Me skal ikkje berre gi vidare det me har høyrte til pålitelege menneske, men til pålitelege menneske – som igjen gir det vidare til andre. Så gjeld ikkje dette berre unge menneske. Eg kjenner også godt vaksne som seier at deira engasjement vaks fram «fordi det var nokon som spurte, nokon som hadde bruk for meg». Både unge og vaksne kan bli lært opp til nye oppgåver, som igjen kan gi det vidare.

Marit Hårklau Adnanes



er 53 år, og dagleg leiar i Indremisjonssamskipnaden (IMS)

Korleis kan me skapa ein kultur der dette faktisk skjer? I tillegg til å snakka om det i fellesskapet, startar mykje med deg og meg, ved at me stiller spørsmålet: «Kven kan eg utrusta?» Eg trur alle har noko dei kan gi vidare, på sitt vis. Det kan vera å visa korleis du lever livet med Gud i kvardagen, korleis du viser medkjensle mot andre, korleis bidra i praktisk teneste, korleis leia eit styremøte, korleis spela gitar, korleis be, korleis vera barneleiar m.m. Det krev lite førebuing å gjera dette. Du gjer det medan du «går». Det er meningsfullt for deg og den du går saman med. Be Gud visa deg kven du kan gå saman med, og kva du kan gi vidare.

Muntert frå emeritus

I spalta Muntert frå emeritus kjem prost emeritus Arne O Øystese (f. 1950) med gode stubbar frå si lange prestetid, oppvaksten i Kvinnherad som presteson, sjømannsprest på ulike stasjonar i Europa og USA og den siste yrkesaktive tida som prost i Indre Ryfylke.

Arne O Øystese

Prost emeritus



For fantasifull

I Egersund var det ein slaktar – utstyrt med godt humør og fantasifull. Like inn under jul heldt han julebord for sine tilsette.

På veg heim att, hadde han eit ærend innom slaktarbutikken. Det regna og blæs; eit uver av dei sjeldne. Før han forlet butikken, fann han ut at han ville halda litt moro med kona si: han tek med seg eit grisehovud. Heimkomen går han opp den trappa til inngangsdøra, tek grisehovudet over sitt eige hovud, og ringer på.

Kona kjem, opnar døra, slår hendene saman og utbryt: «Neimen Oskar, har du klypt deg?»



Støtt annonsørane våre - dei støttar oss

Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

*For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rusk
v/ Arvid Strømme tlf. 99597848.*

**HARDANGER
BYGGSENTER**

www.hardangerbyggjenter.no

BYGGtorget **MESTERHUS**
- det blir som avtalt



Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

Byggmeister
PER AUGESTAD A/S
Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910
Epost: per@peraugestad.no heimeside: www.peraugestad.no
MESTERHUS
www.mesterhus.no

KLEPPE
HARDANGER NORGE

KVAM
KRAFTVERK

Til deg! For deg!

SparebankenVest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555



Klipp frå bønnebrev

Me saksar frå bønnebrevet frå HimalPartner som me har fått av vår eigen Ragnhild Skeie: «Takk for at du er med og lyfter opp våre sysken og deira arbeid med å vera Jesu hender og føter i Himalaya-regionen.»

KOSHISH

Koshish, senter for mental helse, møter mange ulike personar med ulike historier, men ofte har dei ei felles historie: dei lever med emosjonelle traume som fører til psykiske helsetilstander/funksjonshemming, som igjen er årsak til enorm lidning.

Hos KOSHISH får dei ein trygg plass å lufta ut problema sine, utan frykt for å

bli dømde, og hjelp til å sjå ein veg vidare gjennom rådgjeving.

Mange av desse som blir fanga opp av Koshish har kome seg og fått ein ny start i livet. Med god oppfølging fungerer dei no i sitt heimemiljø.

Be for: staben og leiaren Matrika som gjer ein utrøyttelig innsats for desse som er langt nede på rangstigen i samfunnet.

ABBS

Be for ABBS, dagsenter for born med nedsett funksjonsevne, og leiaren Tulsa som nyleg var på besøk i Norge. Senteret treng ressursar både økonomisk og personell med hjarta for desse borna.



Frå venstre ser me Anne Kippenes, Eli Bolkesjø Williams, Tulsa Sharma, leiara for ABBS - dagsenter for born med særlege behov og Ragnhild Skeie.

Jul med gjenbruk



På biletet ser me dei frivillige på Miljøbutikken Plant eit tre i Øystese pyntar butikken, med advents- og juleting. Gjenbruk er bra! (Red)

FRÅ KYRKJEBØKENE

DØYPTE

Ålvik sokn

Mikael Fure

Øystese sokn

Alf Storaas Angelshaug
Selma Kristiansen Sjøflot
Kristina Sandven Mo
Anton Rykkje Gauden
Asael Peterson Andrianaivo
Nathaniel Peterson Andrianaivo
Mikael Peterson Andrianaivo
Billy Langeland-Heggland
Soline Toft Benjaminsen
Fredrik Berge Byrkjeland

Vikøy sokn

Åsmund Opheim
Ingrid Neteland Gjestemoen
Sofie Grimset Byrkjeland
Ovidia Steine Vigdal
Vilde Høvik Soldal
Sofie Solberg Hylland

Strandebarm sokn

Oliver Fredheim Nabben

VIGDE

Øystese sokn

Heidi Vinnes Steingildra og Tommy Tolo
Gunda Kyte og Jonny Froestad

Strandebarm sokn

Guro Nørstebø Laache
og Mads Henrik Eriksen, Fyllingsdalen

AVLIDNE

Ålvik sokn

Anders O. Ulvestad (f. 1942)
Vigleik Lilletveit (f. 1943)
Kåre S. Aalvik (f. 1937)

Øystese sokn

Helga Dale Rykkje (f. 1929)
Svein Olav Heggland (f. 1982)
Gerhard Fiksen (f. 1926)
Margot Oddny Soldal (f. 1932)

Vikøy sokn

Aslaug Rosseland (f. 1922)
Jorunn Linga (f. 1956)
Björg Sandven (f. 1926)
Arne Elmar Haugland (f. 1946)
Olav Egil Reite (f. 1941)

Strandebarm sokn

Trygve Åkre (f. 1958)
Agnes Bakke (f. 1923)
Hans Gunnar Vik (f. 1946)
Helga O. Tveit (f. 1923)
Jon Bru (f. 1935)

Vår nye sokneprest Vetle Karlsen Eide



Frå ordinasjonen til Vetle Karlsen Eide i Norheimsund kyrkje, frå venstre ser me venene Jens Z Meyer, Thor Pundsnes, tidlegare sokneprest Roar Petter Strømme, diakon og ven Astrid Fylling, biskop Halvor Nordhaug, sokneprest Vetle Karlsen Eide, prost Arild Hellesøy, sokneprest Lars Arne Vik, Torstein Karlsen – far til ordinanden og ven og medlem i Vikøy sokneråd Astrid Hellevle Fylkesnes.

Namn: **Vetle Karlsen Eide**
Alder: 51
Sivilstand: Gift
Barn: Tre
Frå: Arendal (eller «Palmekysten» som nokon seier)

Kva gler du deg mest til?

Eg gler meg mest til å skape noko saman med folk i Kvam, både i kyrkjelyden og med ulike samarbeidspartnarar i Kvam. Eg trur at kyrkja, som trus-samfunn og sivilsamfunnsaktør, gjer vel i å samarbeide med andre. Saman kan vi skapa noko nytt.

Kva kvir du deg til?

Eg kvir meg ikkje til mykje, men det blir nok ein overgang for ein bokmålsmann og skrive tekstar på nynorsk. Det kan hende det vil dukke opp nokre språklege blommar innimellom. Kanskje det blir ein liten blomstereng etter kvart?

Korleis vil me oppdaga at diakonen no er prest?

Eg håpar det kjem til syne i korleis eg arbeidar. Både i møte med kyrkjelyden sine behov og lokalsamfunnet sine behov.

Bibelvers du er glad i?

Det er mange bibelvers eg kunne vist til. Men eit avsnitt som eg har hatt med meg i mange år er dette frå Jakob 2:1 -13, og da særleg vers 1 (her i bokmålsdrakt da dette er mitt hjartespår): «*Mine brødre! Dere kan ikke tro på vår Herre Jesus Kristus, herlighetens Herre, og samtidig gjøre forskjell på folk.*» I diakonien er kamp for rettferd eit viktig arbeidsområde. Dette verset har gitt meg ein god retning på mitt engasjement. (LAV/VKE)